

Solfrid Kartveit
 Slettevegen 441
 5936 Manger

Radøy kommune
 v/Kjersti Flatråker
 Radøyvegen 1690
 5936 Manger

Merknader til Snekkevika - reguleringsendring

Eg er eigar av gnr. 59, bnr. 1 og vil koma med fylgjande merknader:

Viser til tidlegare merknader datert 29.10.2013, og vil med dette presisera at desse merknadene framleis står ved lag.

Eg kan ikkje forstå og vil heller ikkje tillata at området gnr. 64, bnr. 86 som Helge Grindheim har kjøpt frå garden Haugstad skal ha vegrett over min eigedom på Kjeseth. Denne eigedomen har aldri brukt eller hatt tilkomst eller tinglyst veg over min eigedom. Eigaren kan difor ikkje hevda slik rett. Det eg ikkje skjønar er at den **eksisterande vegretten** til arealet ikkje er tinglyst i skjøtet som gjeld dette arealet som er resten av utmarksteigen som tilhørde gnr. 64, bnr. 3 av Haugstad. Dette er jo ein rett som naturleg fylgjer med denne teigen då det er resterande areal av utmarksteigen. Viser ellers til ovanfor nemnde skriv. Det er hovedbruket som pliktar å gje vegrett ved salg av tomter. Den som kjøper tomt, bør sikra seg vegrett frå seljar og ikkje forventa å kunne utnytta eksisterande veg på annanmanns eigedom.

Eg har på møte den 16.06.09 om oppstart av planarbeidet sagt frå om at denne eigedomen ikkje kunne få bruksrett til veg over min eigedom til fleire enn den eine hytta som då allerede var regulert på tomten i godkjend reguleringsplan frå 1985. **Dette er difor ikkje ukjent for Helge Grindheim.**

Dersom Snekkevika Båt- og Interesselag ikkje hadde vorte skipa, hadde heller ikkje den opparbeida bilveg til sjøen eksistert. Den gongen eg gav tinglyst bruksrett til båtlaget av vegen, var denne meint å gjelda kun for medlemene av båtlaget, og det er dette som skal gjelda for framtida. Det er også presisert at ein annan vegtrase i området ikkje er realistisk, då den vil koma i konflikt mrd LNF-område i overordna plan for Radøy. Dette vert ikkje teke omsyn til når vegen som går over min eigedom som er i drift og som også ligg i LNF-område vert regulert. Arealet mellom vegen og Kjeseth tjørna og langs vegen, vil ette den nye planen bandleggja eit større innmarksareal. Dette vil forringa utnyttinga av mitt jordbruksareal og skogsdrift.

Iflg. forslag til reguleringsplan er vist at oppe ved avkjørsla til Fv 565 er planen at denne skal utbetrast slik at dette vil medføra at utvidinga også går på motsett side av fylkesvegen der eg har avkjørsle/gardsveg til arealet som eg eig på den andre sida av fylkesvegen.

Denne avkjørsla vil dermed ikkje kunne nyttast til flytting av beitande dyr m.m.

Her er Fv 565 opparbeida den gongen den var bygd med gråsteinsmurar som eg i tillegg ser på som viktige kulturminner som må takast vare på.

Denne avkjørsla er opparbeida og godkjend slik den er i eksisterande plan frå 1985.

Ber difor om at vegen min og avkjørsla vert som i eksisterande plan.

Eg er også kjend med at eigar av nausttomt gnr. 64, bnr. 28 Helge Kolås har bedt om at det vert opna for flytebrygge med landfeste også på hans eigedom. Det må då takast omsyn til at eg har båtfeste på denne eigedomen som er tinglyst på gnr. 59, bnr. 11 i Radøy.

Dersom mine merknader til reguleringsendringer ikkje vert tekne til fylgje, kjem eg til å engasjera advokat .

Manger, 15. september 2014


Solfrid Kartveit